

Siste reis for båt på Neset

17.07.2008



I mange år har ein båt bygd av ein uskedeling lege ubrukt i det store naustet mellom Flatholm og Neset, men torsdag kveld var det klart for siste reis.



Eit Austevoll-firma som gjer tenester for mange i distriktet med den gamle ferja Samba utstyrt med ei lang og solid kran var tilkalla og løfta båten over på dekket sitt. Båten i seg sjølv kan ikkje nyttast, med det kan truleg motoren.



Sjøve løfteoperasjonen gikk ikkje heilt utan dramatiske innslag og ei lita stund såg det ut som om det heller ville bli ei ny sjøsetjing. Men det gikk bra til slutt. Her er "operasjon båt" i fire fasar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

